



Seim Bygg
Terje Seim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6740 - 14/22209

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
01.10.2014

Svar på søknad om løyve til å etablere avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 129/14 - Titlandsvegen

Teknisk drift syner til brev datert 24.09.2014 vedkommande søknad om avkjørsle frå kommunal veg – gbnr 129/14, 72 – Titlandsvegen.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle for 1 hytte – gbnr 129/14 – Titlandsvegen og vil gje løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal opparbeidast slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelike regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100 (tidlegare handbok 017). Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn. Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Det skal ligge føre tinglyst vegrett over gbnr 129/72.
- Ei føresetnad for løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg er at det vert gitt byggeløyve for hytte på gbnr 129/14.
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt situasjonskart.
- Ytterligere informasjon om tekniske krav til avkjørsle finn ein på www.lovdata.no (veglova og forskrift FOR-1964-07-16 nr 3905) samt www.vegvesen.no (vegnormal N100).

Vi gjer med dette merksam på at tiltak med etablering av avkjørsle også er søknadspliktig etter plan og bygningslova.



Det er med heimel i Veglova, forskrift av 1964, samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1095-14 Situasjonkart 24.09.2014

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak
Lindås kommune ved vegavdelinga

Mottakarar:

Seim Bygg